

STEINSETE

Høgdemeter over havet: 686 m

Lengde: ca. 3,8 km

Stigning: 403

Tid: 1 time ein veg

Gradering: middels tung tur

Vegskildring: Køyr mot Havås og ta av til Medås og Ystås. Parker ved lomme i vegen ved klyngetunet på Ystås og følg traktorvegen heilt opp til Liasete. Du går på Liasetevegen heilt fram til stølen. Denne turen tek om lag ein time og er ca. 5 km. Lukk att grindene du går forbi. Vegen er bratt, men fin å gå og det er lett å gå vidare til Steinsete herifrå. Det er merka frå Liasete og heile vegen til Steinsete og du går stølsvegen inn i ein fin bjørgeskog både oppover og bortover før du passerer **Vasen - Vasagjelet (skilt her)**. **Dette partiet er særst bratt utøve så hald deg godt inne i terrenget.** Dette er ein fin tur med flott utsikt og gode variasjonar i terrenget.

Alternativ: Gå frå parkeringsplass på Krokavassvegen sørover langs raudmerka sti. Stien går over myrar og kan vere fuktig enkelte stader. Stien går forbi Baorhaug og vinklar derifrå svakt søraust i retning mot Steinsetehorga. Her får du Smøregget på venstre side (nord). Anbefaler å gå om Steinsetehorga (796 moh), eit flott utsiktspunkt «midt» i bygda! Herifrå rundar du ned mot Steinsete på austsida av toppen, og det er ca. 30 min ned. Du kan sjå stølen frå varden med flymerke på toppen av horga.

Turtips: Rundtur: Høgde - Steinsetehorge - Steinsete - Liasete - Høgde
Eller omvendt.

Turtips 2: Frå Steinsete kan du ein runde utom horga og opp forbi Salttunno, ein markant stein som ligg frampå bergkanten. Vidare går du tilbake mot stien forbi Baorhaug.

Nedturen kan også vere ned forbi Eidesskår til Stavanen eller Haukanen. Då går du stien ut myrane (sørvest) under horga. Du skal halde nedste stien (hald til venstre ved første vegskilje) ut mot skilt på myr. Skiltet viser vegen til Eidesskår. Derifrå går det tydeleg veg heilt ned til fjorden.

GOD TUR!